LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Sigvartsen Design AS
Østre Aker vei 17
0581 OSLO

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 28.11.2018 |
| Vår: 18/3393 - 18/35727 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar trong for tilleggsopplysning - gbnr 11/18 Hølleland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Det går fram av søknad at fritidsbustaden skal knyttast til eit felles avlaupsanlegg, og det ligg føre ei privat avtale mellom eigarane.

**Før vi kan handsame søknad om etablering av fritidsbustad må det søkjast om utsleppsløyve og etablering av felles avlaupsanlegg.**

Vi gjer merksam på at søknad om utslepp og søknad om etablering av anlegget må nabovarslast til alle aktuelle nabuar og gjenbuarar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **27.12.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Eivind Lunde | Skarefjellet 51 | 5174 | MATHOPEN |
| Sigvartsen Design AS | Østre Aker vei 17 | 0581 | OSLO |